NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71 | Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leikanger

Emne: Gifteferdig ungdom | Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: Hans G. Hov | Gard: Hov

(adresse): Fresvik, Sogn | G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og tradisjon.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Synet på giftarmål.

Kva var sømeleg giftarmål?

1 Det store fleirtal fann gifta si i heimbygda eller i same sokna,

2 men mange fann seg kona utanfor sokna og det var ikkje nokon som tykte det var so urimeleg.

3 Ein skulle helst gifta seg med ein person av same sosiale lag,

4 og mellom bøndene galdt dette både for søner og døtre.

5 Ein kan ikkje seia, at foreldra avgjorde giftarmåla, men det var vanleg, at dei gav sitt samtykkje, når dei vart spurde om det.

6 Men det kunne nok vera dei som la planar for borna sine på lang sikt.

7 Ein kjenner ikkje til noko døme frå vår bygd, at foreldra avtala

H. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

15036

giftarmål mellom borna som enno -
var hult små

8 Det var stundom det var nemnt, at ein
gjorde „systrabyte", og det var i dei høve,
at eit syskenpar - ein gut og ei gjenta -
gifte seg med eit anna syskenpar.

9 Slike giftarmål kom i stand utan
nokon avtale på fyrehand og utan
noko visst fyremål.

10 Når det galdt skyldskapgifte meinte
folk, at brur og brudgom ikkje måtte
vera nærare i slekt enn tremenningar.

11 Nært skyldskap i giftarmål var ikkje bra
anten det galdt på mannsida eller
kvinnesida

12 Ein veit ikkje om, at born sette seg
opp i mot foreldra,

13 men det var vanleg meining, at det
ikkje ville gå godt med slike born.

14 Ein kjenner ikkje til, at dei unge kunne
finna støtte og hjelp hjå andre enn
foreldra i ein slik strid

15 Ein brukte å salutera, når eit brud=
laup var på veg til kyrkja, men det
vart ikkje skote skammaskot i slike
høve.

16 Det har hendt, at fedrar har havt i mot
å gifta dotter si burt til den ho

15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hadde utvald, men at dei gav etter då vedkomande la bankboka si på bordet og sa, at dei fekk lata dotter si få ein like stor sum.

17 Det var ymse grupper av folk der dei unge stod friare og kunne gifta seg etter eige ynskje, so som tenestefolk, strandsitjarar og andre arbeidsfolk.

18 Det hende at enkjer gifte seg att, og dei stod mykje friare i val av ein ungkar.

19 Gutane kunne elles velgja meir fritt, men eldre gjenter gjekk ein forbi, sjöl om dei hadde pengar på bok.

20 Ein kjenner ikkje til, at gutar og gjen= ter tok varsel om kven dei skulle gifta seg med.

21 Ein kan ikkje hugsa noko middel, som kunne tvinga ein annan til kjærleik ved at han eller ho åt det utan å vita om det.

22 Folk meinte at slike middel var berre tøys.

23 Det höyrde med til god folkeskikk, at vaksne gutar og gjenter ikkje i utrengsmål skulle ha fylgje om dagen.

24 Ein kan ikkje setja nokon dato eller årstal for kva tid det var slutt

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

15036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på nattefriing, men slett er det i den form, at ein gjekk fleire i lag.

25 Her i vår bygd vart nattefriing kalla: „å gao til gjentedn"

26 Det var skilna på nattefriing og nattelöypping, ved nattefriing kunne det vera ein eller to i lag, men ved

27 nattelöypping var det helst fleire i lag og dei kunne gå frå gard til gard og halda sjau med gjentene.

28 Det var gutar i framstengalderen 16-20 år som slo seg i lag.

29 og desse kunne vera frå ömse kantar av bygda,

30 og gutar frå andre sosiale lag enn bönder kunne vera med.

31 Ein kjenner ikkje til at visse netter t.d. natta mellom 2. og 3. juledag kunne framande gå på nattefriing, men heile julehelga med unnatak av natta til 1. juledag var ei lagleg tid både for framande og andre å mötast med venn sin.

32 Ein kan seia det var godt mellom gutane i bygda, når det kom framande på friing.

33 Bondesöner og tenarar kunne godt vera

15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i lag, det var ikkje nokon skilnad soleis.
34 Det var snakk om, at tenestfolka rekna
med, at laurdagskvelden „eigde dei sjøl",
35 og det var serleg den kvelden ein gjekk på
nattefriing,
36 elles var det rekna for god folkeskikk å
ikkje uroa folk om natta ved alle högtids-
dagar og ofte og når det låg lik på
garden.
37 Det kunne vera visse grupper på ein
to-tre mann som gjekk saman på
„nattesjån", og dei kunne vera både
i heimegrenda og lenger burte.
38 Og når dei kom fram, kunne dei gjera
seg anna mål – snakka uskjele –
og bad om å få „koma inn,
39 Og var höve der, so kunne ein syngja
eller seia: „Höyr meg no Olinmor,
eg fridde til deg i fjor, no må eg få
dit ord, for no må du piskelre be-
stemma deg, for kjærleiken er so
fæl å klemma meg."
40 Ein motte sjølsagt fara fram so
stillt som mogeleg,
41 so ein ikkje uroa husbondsfolk eller
foreldre,
42 og gjenta var ikkje den som let opp,
men gutane hadde ofte ei röd

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN
15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med å opna anten dör ellerglas.
43 Gutane kunne i sume höve ha drops med eller sjokolade
44 men gjentene hadde ikkje noko å by på ved slik vitjing.
45 Og gjenta kunne ikkje ~~ved slik vitjing syna~~ på den måten syna kven ho likte best.
46 Ei slik vitjing kunne vara ein times tid, alt ettersom tilhöva var.

Den einslege friaren,

47 Det kunne nok henda, at den eine av flokken kunne verta verande att om han likte gjenta.
48 Den nattefriaren som gjekk åleine fann seg altid eit höve å stikka
49 av garde, ein ville i lengste laget löyna at han var ute på friing.
50 Det var ingen regel for korlenge ein gut gjekk til same gjenta, det kunne vara leene ei kort tid, men det kunne og verta grunnlaget for seinare ekteskap.
51 Det hende nok, at dei to gav kvarandre smagåver som likn

15036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på, at dei var glad i kvarandre, det kunne vera i sjølo eller små heime= arbeid

52 Det hende stundom det vart gjort fantestykke med den einslege natt= efriaren, dersom han motte bruka båt kunne han finna båten sin att langt opp i bygda, so han motte ha folkehjelp for å få han på sjøen

53. att. Det kunne i sume høve verta strøtt sagflis frå heimen tel guten til heimen åt gjenta, Dette kunne vera ei prettа av eit par ungdomar. Å verta „bjødla" var meir som ei ära for det vart gjort berre i dei høve der ein visste, at guten og gjenta var trulova, og i sume høve takka ved= komande for arbeidet, ja det hende, at sume av laget vart bedne inn på dram.

53 Dei som strødde sagflis gjorde det i all stilla og var berre eit par mann, når det gjeld „bjødleiken" var som regel all ungdom med, ja det hende at kvinner og var med.

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

15936

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

54 Det å strø sagflis var å kunngjera eit frieri på eit tidleg stadium, og korkje guten eller gjenta lika det og heller ikkje
55 foreldra til gjenta.

56 Når det vart halde „belamaol-“ bjödleleik- visste ein om, at vedkomande var tru= lova, og dette vart på lag som kunngje= ring for ålmugen, og det unge paret hadde kje noko i mot ei slik kun= gjering, det var meir ei forndrming om ein ikkje brydde seg om dei.

57 Nattefriinga på sötra var mykje på same måten som heima. Sume likte å vera to i lag, andre likte å gå åleine, og desse siste ville helst löyna seg for andre som var ute i same ærend.

III

Andre måtar som förde ungdomen saman slik at dei lærde kvarandre å kjenna. A.

På kyrkjebakken.

58 Det var utanom det vanlige, at gutar og gjenter kunne tala saman på kyrkjebakken etter gudstenesta.

15036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

59-66 Det er sjølvsagt ikkje å nemna at gutane kunne spandera brennevin eller sukkerklumpar på gjentene, og dei brukte heller ikkje på kake.
Når gutane ikkje kunne syna noko interesse for gjentene opp i dagen so må ein ikkje venta, at gjentene tok initiativet og kunne syna kven dei lika best ved å gjeva gutane smågåver.
Her i bygda var ikkje so lang veg til kyrkja, at ein trengde faste kvileplassar der ungdomen kunne tala saman.
Det var ikkje leik eller dans ved kyrkja korkje sumar eller vinter.

B.

Gjestebod saman med andre.

67 I eldre tid kunne ein koma saman til julegjestebod eller til andre tider av året so som påske og pinse eller til andre tider av året og i andre høve so som barnedåp eller likferd.
68 I slike ~~høve~~ gjestebod høvde det ikkje so bra for den vaksne ungdomen

15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

når det ikkje var leik eller dans.

69 Når det var brudlaups bora ein på til langt på natt, og dei som ville leggja seg gjekk heim, det var berre dei framande som kunne få plass i brudlaups garden og var dei mange laut ein nok nytta flatseng.

70-73 Stabbedansen er ein ukjend leik her.

C. Andre høve der eldre var med.

74 Det var vanleg, at dei ymse slag dugna enda med dans og det var fest for dei unge.

75 Giftferdig ungdom var nok med på auksjon, men ein veit ikkje om at ein dansa då.

76 Her på våre kantar var det ikkje noko slags marknader der ungdomen kunne samlast til tingna og moro.

77 og det var soleis ikkje høve mellom gjenter og gutar å veksla smågåaver.

78 Samskotlag der både unge og eldre var med med mat og drikke og dans kjenner ein fyrst til etter at dei frilynde ungdomslagi vart skipa for

15036

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

omlag 70 år sidan.

79 og slike samkomer kalla ein Korga=fest – pakkefest.

## D Samkomer der ungdomen var mest for seg sjøl.

### a) Om sumaren.

80 Om sumaren var det ikkje halde noko dansarsamla her hjå oss,

86 men då hadde ein stølshelg som ein kalla ungdomshelgi, og då var det mange som fann vegen til fjells, då vart det sett til livs mykje både rommegraut og mølsa og går ein 60-70 år attende vart det drukke nøgda med brennevin og. Der var ingen dans, men ein kunne gjesta andre stølar som låg i nærleiken. Denne stølshelga vart feira etter å ha vore 4 viker i fjellet.

87 Ein kan ikkje seia, at det var same slags moro som i gjentegjestebodet, ein hadde ikkje spelemann, og so var det ingen dans, men ein gjekk i gjestebod frå den eine budeia til den andre og var moltene mogne fann ein ogso vegen til dei.

88 Det var ~~ikkje~~ vanleg, at ungdomen

1.5036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kom saman på gamle helgedagar
so som jonsok.
89 Ein kan ikkje seia, at ungdomen
drog ut i lag for å eta ber og solis
ha ein bærsundag.
91 Om sumarkveldane kunne det vera
ymse slags leik som å „slå monken",
kasta skothella eller ymse slags
friidrott.
93 Om helgedagskveldane gjekk ung-
domen saman, (94) og når båten kom
94 kunne ein samlast på kaien og
etterpå ta ein svingom utover
kvelden og gjenter og gutar gjekk
då i lag.
95 B. Om vinteren
Det var ikkje vanleg, at det var møte
eller samkoma om kveldane, der
gjentene sat med syarbeid eller
med rokken og gutane kom på
vitjing.
100 Om vinteren var det dansmoro av
og til om sundagskveldane.
eit par gutar var omkring på gardane
og fekk lov på hus.
101 Dei som budde i huset sytte sjølv
for den opprydding som trengdes,
noko matstell vart ikkje brukt.

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

102 Her var eit par spelemenn og dei var mellom ungdomen og var lett å få tak i, vidare var her fleire som spela på trekkspel.

103 Slike dansekveldar kosta ingenting, huset var gratis, spelemann sameleis og det var ingen bevertning.

104 Fau det varf nok dans oftare, då trekkspelet varf kjent og vanleg.

105 I eldre tid var det ikkje so mykje ski-sport, litt skriding var det på „skreisko", men isforholdi var so usikre, men derimot var det mykje sigling på kjelke. Me hadde fin bana på 1.5 km. etter bygdevegen, og her samlast ungdom om kveldane og rende på kjelke, og alle motte fylgja „toget" både fram og attende.

106 Det var vanleg, at vaksen ungdom kunne vera med på denne sporten laurdag- og sundagskveldane, etter eige ynske utan løyve frå foreldre eller husbond, når dei elles gjorde sitt vanlege arbeid,

107 og det var i so måte ingen skilnad på gutar og gjenter.

108 Men det kunne vera skilnad sosialt,

15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

at foreldra heldt borna sine meir borte frå alle slags samkomer enn husbonden gjorde med tenarane sine.

109 Dersom foreldre eller husbondfolk nekta ungdomen å vera med på allslags samkomer, so kunne det vera av religiöse eller sosiale grunnar,

110 og det var vanleg, at born og ~~det var vanleg vaksne~~ tenarar retta seg etter eit slikt forbod

111 Den guten som etter arbeidskvila i jula og nyttårshelga kom inn i ein heim der gjenta sat og spann vart kalla „rokkabel", og det var von om at dei kunne verta kjærastfolk. Var det nokon som ville sjå „laoakatten" so kunne dei gå bort til laoamann, han var då eldande for (snögg) svinga tusta som ein klave rundt halsen på vedkomande og klemde til.

112 At rokkabelen m. fl. vart kalla embedsfolk er ukjent her.

113-114 Om juletråd er ukjent her.

118 Rokkabelen fekk mat og drykk

119 og hadde plikt til å halda rokken

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

15036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i stand heile året
128 Det var vanleg seiemåte, at gjentene hadde både lov og rett til å fri den
129 29. februar eller i heile skotåret,
130 men ein kjenner ikkje til, at dette verkeleg vart gjort, for slikt kjem ikkje ~~ikkje~~ opp i dagen, som rimeleg kan vera.

Fresvik i Sogn jan. 1960
Hans O. Hov

15036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING